



Møteprotokoll for Formannskapet i Radøy

Møtedato: 19.10.2017
Møtested: Kommunestyresalen
Møtetid: 09.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Ordfører
Jostein Borlaug	AP	Varaordfører
Anne Berit Bø Palmesen	SP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem
Christel Villanger Håland	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Silje Namtvedt	SP	Kirsti Gjetle Floen - AP
Roy Bø	FRP	Christel Villanger Håland - H
Normann Sæbø	H	Kenneth Taule Murberg - H

Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmann Jarle Landås, økonomisjef Sveinung Kvamme i sak 062 og sak 063, kommunalsjef Lisbeth Alvær i sak 67 (Moglegstudie Manger), møtesekretær Arthur Kleiveland.

Varaordfører Jostein Borlaug (AP) deltok ikkje i sak 66/2017.

Formannskapet var på synfaring i sak 59/2017.

Saksliste

Saksnr	Tittel
059/2017	Søknad om forlenging av leigeavtale i Austmarka
060/2017	Bergen og Omland havnevesen (BOH) - etablering av interkommunalt selskap (IKS) for

den lovpålagde delen av hamneverksemda

- 061/2017 Etablering av Vest brann- og redningsregion
- 062/2017 Tertialmelding januar - august 2017
- 063/2017 Budsjetregulering
- 064/2017 Felles løns- og rekneskapskontor for Lindås, Meland og Radøy
- 065/2017 Plansak 12602016000100 - Kommunedelplan Bø - Planframlegg for vedtak om høyring og offentlig ettersyn
- 066/2017 Høyring - Investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP 2018-2029
- 067/2017 Meldingar og referatsaker

059/2017: Søknad om forlenging av leigeavtale i Austmarka

Behandling:

Formannskapet var på synfaring.

Det vart sett fram følgjande fellesframlegg:

Radøy kommune fornyar ikkje leigeavtalen på gnr 79, bnr 42 Søre Austmarka 81. Kommunen vil la kaien og resten av anlegget bli ståande på vilkår av at grunneigar på 79/42 tar på seg vedlikehaldet og at området vert opna for allmen bruk.

Formannskapet vedtok samrøystes framlegg til vedtak sett fram i møtet.

Vedtak:

Radøy kommune fornyar ikkje leigeavtalen på gnr 79, bnr 42 Søre Austmarka 81. Kommunen vil la kaien og resten av anlegget bli ståande på vilkår av at grunneigar på 79/42 tar på seg vedlikehaldet og at området vert opna for allmen bruk.

060/2017: Bergen og Omland havnevesen (BOH) - etablering av interkommunalt selskap (IKS) for den lovpålagde delen av hamneverksemda

Behandling:

Det vart sett fram forslag på ordførar som medlem i representantskapet i BOH IKS, og varaordførar som varamedlem.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak, med framlegg sett fram i møtet.

Vedtak:

1. Radøy kommune godkjenner at det vert etablert eit interkommunalt selskap, Bergen og Omland Havn IKS (BOH IKS), for å ivareta kommunen sine lovpålagte myndighetsoppgåver, jf. hamne- og farvassloven § 10, saman med dei andre kommunane i hamnesamarbeidet i dagens BOH og BOH AS
2. Ordføraren får fullmakt til å stifte det nye hamneselskapet saman med dei øvrige samarbeids-kommunane. Dette i samsvar med vedlagte stiftingsdokument og selskapsavtale for BOH IKS, samt andre retningsliner som kjem fram av saka, som fastsetting av endeleg opningsbalanse, gjennomføra kapitalinnskott og halda konstituerande representantskapsmøte med val av styre og revisor.

Det vidare arbeidet med gjennomføringa av selskapsetableringa og overføringa av kapital/verdiar, blir ivaretatt av styret og den daglege leiinga i det nye selskapet, jf. tenestekjøpsavtale med BOH AS.

3. I medhald av kommunelova kap. 5 (interkommunalt samarbeid) og hamne- og farvasslova

av 17.04.2009 nr. 19 § 10, vert Radøy kommune sitt mynde etter hamne- og farvasslova delegert til BOH IKS.

Kommunestyret forutset at delegasjonen av mynde til BOH IKS ikkje innskrenkar Radøy kommune sitt høve til å setja i verk tiltak for å verna innbyggjarane si helse når helsevern-styresmaktene tilrår dette.

4. Frå Radøy kommune blir følgjande valde som medlem og varamedlem til representantskapet i BOH IKS:
- | | |
|-------------|--------------|
| Medlem: | Ordførar |
| Varamedlem: | Varaordførar |

061/2017: Etablering av Vest brann- og redningsregion

Behandling:

Rådmann Jarle Landås orienterte om arbeidet med brannsam arbeidet. Han framheva at dagens brannvern framleis skal vera sjølvstendige einingar. Han peika på at samarbeidsprosjektet ikkje i særleg grad vil vera økonomisk belastande for Radøy kommune.

På spørsmål frå Silje Namtvedt (SP) stadfesta rådmannen at brannsjefane har vore involert i prosessen, inkludert brannsjefen i Radøy. Ein del brannsjefar har uttrykt skepsis til prosjektet. Rådmannen understreka at samarbeidet i Vest brann- og redningsregionen ikkje er noko første steg mot samanslåing til eit felles brannvern, men eit utvida samarbeid mellom sjølvståande brannvern som vil styrka den totale beredskapen.

Silje Namtvedt uttrykte skepsis til brannsam arbeidet. Namtvedt signaliserte at ho i denne omgang kom til å røysta i mot, men ville vurdere saka nærare fram mot kommunestyremøtet.

Fleirtalet i formannskapet framheva fordelane som dei meiner ligg i å vera med i Vest brann- og redningsregion. Dei peika på at samarbeidet både vil styrka beredskapen og betra standarden, slagkrafta og spesialiseringa i ekstra krevjande situasjonar.

Formannskapet valde ordførar som Radøy kommune sin årsmøtorepresentant for gjeldande kommunevalperiode, med varaordførar som vararepresentant.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak mot ei røyst (Silje Namtvedt - SP).

Vedtak:

Radøy kommune inngår som medlem i Vest brann- og redningsregion

1. Radøy kommune sluttar seg til vedtektene for samarbeidet
2. Ordføraren er Radøy kommune sin årsmøtorepresentant for gjeldande kommunevalperiode
3. Radøy kommune gir Bergensalliansen fullmakt til å velje eit interimsstyre for Vest brann- og redningsregion som skal fungere inntil ordinært styre vert vald av det første ordinære årsmøtet
4. Melding om vedtak vert sendt sekretariatet til Bergensalliansen
5. Første driftsåret vert det lagt til grunn at budsjettet skal vere på fem millionar kroner. Dei to neste driftsåra skal budsjettet berre justerast for pris- og lønsvekst

6. Den økonomiske konsekvensen av å tre inn i samarbeidet vil bli handtert i arbeidet med årsbudsjett og økonomiplan 2018 – 2021.
-

062/2017: Tertialmelding januar - august 2017

Behandling:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Tertialmeldinga vert teken til orientering.

063/2017: Budsjettregulering

Behandling:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Budsjett for 2017 vert regulert i samsvar med skjema 1 og 2:

Drift Skjema 1A og 1B	
Sum fordelt til drift (1A)	955.000
Meir/mindreforbuk (1A)	-955.000
Helse og omsorg (1B)	+ 955.000
Sum skjema 1B	+ 955.000

Investering skjema 2A og 2B	
Bruk av lån (2A)	50 900 000
Bø barnehage (2B)	-23 087 000
Solhall kjøp av bygg	-11 813 000
Renseanlegg Manger (2B)	-15 000 000
Turveg Manger (2B)	-1 000 000
Netto endring	-

064/2017: Felles løns- og rekneskapskontor for Lindås, Meland og Radøy

Behandling:

Anne Berit Bø Palmesen (SP) reiste spørsmålet om ho på grunn av nært slektskap er ugild i handsaminga av denne saka. Formannskapet kjende Bø Palmesen ugild, og ho deltok difor ikkje i handsaminga.

Rådmann Jarle Landås orienterte i saka. Han viste til at saka om felles løn- og rekneskapskontor vart sett igang før vedtak om samanslåing av dei tre kommunane vart gjort. Ettersom det framleis er over to år til Alver kommune er ein realitet, har ein sett det som fornuftig å eit vertskommune-samarbeid med Lindås kommune som arbeidsgjevar. Ialt fire stillingar blir overført frå Radøy til felles løn- og rekneskapskontor, som skal vera i drift frå hausten 2018.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

1. Nytt felles løns- og rekneskapskontor vert organisert som administrativt vertskommunesamarbeid etter kommuneloven §28 -1b mellom Lindås, Meland og Radøy med Lindås kommune som vertskommune. Det nye felles kontoret trer i kraft frå 01.08.2018.
2. Kommunestyret instruerer rådmannen til å delegere mynde til rådmannen i Lindås kommune.
3. Kommunestyret vedtek samarbeidsavtalen mellom Lindås, Meland og Radøy.

065/2017: Plansak 12602016000100 - Kommunedelplan Bø - Planframlegg for vedtak om høyring og offentleg ettersyn

Behandling:

Normann Sæbø (H) oppmoda om at det blir halde folkemøte på Bø tidleg i høyringsprosessen for kommunedelplan Bø.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Radøy kommunestyre vedtek i samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §11-14 å leggja ut planframlegg til kommunedelplan for Bø 2017 (PlanID: 12602016000100) med plankart, føresegner og planskildring, til offentleg høyring og ettersyn.

Radøy kommunestyre vedtek samstundes i samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §12-14 å leggja ut til offentleg høyring og ettersyn framlegg om oppheving av reguleringsplanane:

- (PlanID: 12602010000700) Bø reguleringsendring

- (PlanID: 12601987000100) Krossneset
- (PlanID: 12601994000100) Nordbø
- (PlanID: 12601988000100) Bøvågen bustadfelt (del av)
- (PlanID: 12601973000200) Bøvågen

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

066/2017: Høyring - Investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP 2018-2029

Behandling:

Det var 6 representantar under handsaminga av denne saka.

Ordførar Jon Askeland presenterte ei skisse til høyringsuttale, som vart supplert med utfyllande punkt i møtet.

Etter drøfting i formannskapet vart det sett fram følgjande fellesframlegg:

Radøy kommune gjev slik høyringsuttale til investeringsprogrammet i Regional Transportplan:

Radøy kommune støttar hovudmålet for fylkesvegnettet i Hordaland, at fylket skal ha eit trafikkikkert og framkomeleg fylkesvegnett.

- Radøy meiner at målformuleringa om å stoppa forfallet er for defensiv, og meiner at målformuleringa burde vore å betra vegnettet.
- Radøy beklagar at høyringsutkastet i svært liten grad viser hovudmålet i investeringsplanar for Nordhordland og Radøy.
- Radøy kommune støttar prioriteringa Alversund bru har fått, og understrekar at fylket må investera i ny bru her innan ni år. ÅDT over brua nærmar seg 7000, og dagens brua utgjer både ein tryggleiksrisko, beredskapsrisiko, og er eit hinder for vekst og utvikling på Radøy.
- Radøy kommune støttar at fylkeskommunen viser ambisjonar for å oppfylla prosjekta som ligg i Nordhordlandspakken. Me understrekar at tilførselvegane til desse prosjekta også må prioriterast.
- Radøy kommune etterlyser særleg planarbeid, midlar til vegopprusting, midlar til standardheving og dekkelegging på vegane i Radøy, og understrekar at det er eit særleg stort etterslep på det øvrige fylkesvegnettet, som Radøy har mest av. Heile dette vegnettet held svært låg standard i kommunen, og me meiner at fylket har forsømt dette hjå oss.
- Radøy kommune ber Hordaland fylkeskommune prioritera planarbeid og standardhevingstiltak på det øvrige fylkesvegnettet i Radøy, og andre kystområde, som elles lir under manglande prioriteringar, og som heller ikkje nyt godt av td rassikringsmidlar og tunnelforskrifta. Desse ordningane fører i realiteten til ei vedvarande nedprioritering av fylkesvegnettet ved kysten. Me vert hengande ekstra etter på vegstandarden, trass i folketals- og trafikkauke.
- Radøy kommune krev følgjande vegstrekningar inn i Investeringsprogrammet:
 - Fv. 565 Marås - Tolleshaug inkl. arm til Manger frå Namtveit. Radøy kommunestyre vedtok i februar 2017 å rå til at arm mellom ny FV 565 og Manger vert flytta frå Marås til Namtveit og munna ut på Kolstad. Dette gjev auka trafikkstraumar, lågare kostnad og betre plassering i høve Sambandet Vest.

- Fv. 409 - utbetringstiltak Kolstad-Manger-Bø-Soltveit. På kort sikt understrekar me at særleg strekkja Byrkjeland – Kvalheim må prioriterast med punktutbetringar for betre trafikkflyt og auka trafikktryggleik. Denne strekkja har den høgste ÅDT på det øvrige fylkesvegnettet i kommunen.
 - FV 410 Manger – Manger kai. Denne vegen er sterkt trafikert, og er ein viktig veg i tettstaden Manger. Vegen må få standardheving i form av auka breidde og fortau.
 - FV 411 Byrkjeland – Haukåsen – FV 565. Heile vegen treng standardheving og dels ny trasè.
 - FV 412 Hella – Grindheim – Helland. Heile vegen treng standardheving.
 - Fv 413 – Valdernesnes. Heile vegen treng standardheving.
 - Radøy kommune presiserer at del av noverande FV 565 Soltveit – Marås må få heva standard før evt. omklassifisering til kommuneveg.
- Dekkelegging.
Radøy må prioriterast med dekkelegging på det øvrige fylkesvegnettet, og me nemner dei mest akutte for strekningsvis dekkelegging:
 - FV 409 Bøvågen – Rossnes. Vegen fekk sist asfalt medan det gjekk ferje frå Rossnes, og det er snart 40 år sidan. Vegen går i oppløysing mange stader.
 - FV 409 Manger – Haugland. Særs dårleg dekke mange stader.
 - FV 410 Manger – Manger kai. Særs dårleg dekke, er i oppløysing mange stader.
 - FV 412 Hella-Grindheim-Helland. Særs dårleg dekke, hastar.
 - FV 411 Byrkjeland – Haukåsen FV 565. Særs dårleg dekke og setningsskader.
 - FV 413 – Valdernesnes: Særs dårleg dekke.
- TS-tiltak.
Radøy kommune har gyldig TS-plan, som har eigne avsnitt som gjeld fylkesvegane, og me forventar at desse vert følgt opp i investeringsprogrammet.
- Sambandet Vest
Sambandet Vest vil knyta saman kommunane i Nordhordland med Askøy og Sotra/Øygarden som har eit næringsliv av stor nasjonal betydning og med store utviklingsmogelegheiter. Sambandet Vest vil også etablera ein ringveg utanom hovudkorridoren E39 frå nord mot Bergen sentrum, og med dette skapa nye kommunikasjonsmønstre og mogelegheiter for ei styrka lokal/regional nærings- og befolkningsutvikling, samt styrka beredskap/reduisert sårbarheit for trafikkavvikling på hovudvegnettet i Bergen. Radøy kommune ber om at prosjektet blir prioritert i forhold til oppstart av formell planprosess, og viser til at Lindås, Meland og Radøy kommunar har motteke midlar frå KMD til planmidlar for dette sambandet.
- Kollektivtilbod
Samferdsel er ei stor satsing i Fylkeskommunen. I tillegg kjem nullvekstmålet kor det vert satsa på at all trafikal auke skal skje via kollektivtransport, sykkel og gange. Under sykkel-VM i Bergen no nyleg, viser det at folk er villig til reisa kollektivt dersom tilbodet fungerer optimalt.
 - Radøy kommune ber fylkeskommunen vidareutvikla kollektivtilbodet i Radøy og mellom Radøy og Bergen. Me peikar særleg på trongen for betre kollektivsamband mellom Austebygd, Bø og til/frå Manger.
 - Me ønskjer særleg at det vert etablert kollektivterminal på Manger.
 - Vidare ber me Fylkeskommunen etablera innfartsparkering ved Sæbø skule, og auka bussfrekvensen t/r Bergen derfrå.
 - Radøy kommune ber fylkeskommunen auka båttilbodet mellom Knarvik/Frekhaug og

Bergen. Me ynskjer fleira avgangar og også større båt i takt med trafikkveksten. Venterom på Knarvik kai må betrast.

Formannskapet vedtok samrøystes framlegg til vedtak sett fram i møtet.

Vedtak:

Radøy kommune gjev slik høyringsuttale til investeringsprogrammet i Regional Transportplan:

Radøy kommune støttar hovudmålet for fylkesvegnettet i Hordaland, at fylket skal ha eit trafikksikkert og framkomeleg fylkesvegnett.

- Radøy meiner at målformuleringa om å stoppa forfallet er for defensiv, og meiner at målformuleringa burde vore å betra vegnettet.
- Radøy beklagar at høyringsutkastet i svært liten grad viser hovudmålet i investeringsplanar for Nordhordland og Radøy.
- Radøy kommune støttar prioriteringa Alversund bru har fått, og understrekar at fylket må investera i ny bru her innan ni år. ÅDT over brua nærmar seg 7000, og dagens brua utgjer både ein tryggleiksrisiko, beredskapsrisiko, og er eit hinder for vekst og utvikling på Radøy.
- Radøy kommune støttar at fylkeskommunen viser ambisjonar for å oppfylle prosjekta som ligg i Nordhordlandspakken. Me understrekar at tilførselvegane til desse prosjekta også må prioriterast.
- Radøy kommune etterlyser særleg planarbeid, midlar til vegopprusting, midlar til standardheving og dekkelegging på vegane i Radøy, og understrekar at det er eit særleg stort etterslep på det øvrige fylkesvegnettet, som Radøy har mest av. Heile dette vegnettet held svært låg standard i kommunen, og me meiner at fylket har forsømt dette hjå oss.
- Radøy kommune ber Hordaland fylkeskommune prioritera planarbeid og standardhevingstiltak på det øvrige fylkesvegnettet i Radøy, og andre kystområde, som elles lir under manglande prioriteringar, og som heller ikkje nyt godt av td rassikringsmidlar og tunnelforskrifta. Desse ordningane fører i realiteten til ei vedvarande nedprioritering av fylkesvegnettet ved kysten. Me vert hengande ekstra etter på vegstandarden, trass i folketals- og trafikkauke.
- Radøy kommune krev følgjande vegstrekningar inn i Investeringsprogrammet:
 - Fv. 565 Marås - Tolleshaug inkl. arm til Manger frå Namtveit. Radøy kommunestyre vedtok i februar 2017 å rå til at arm mellom ny FV 565 og Manger vert flytta frå Marås til Namtveit og munna ut på Kolstad. Dette gjev auka trafikkstraumar, lågare kostnad og betre plassering i høve Sambandet Vest.
 - Fv. 409 - utbetringstiltak Kolstad-Manger-Bø-Soltveit. På kort sikt understrekar me at særleg strekkja Byrkjeland – Kvalheim må prioriterast med punktutbetringar for betre trafikkflyt og auka trafikktryggleik. Denne strekkja har den høgste ÅDT på det øvrige fylkesvegnettet i kommunen.
 - FV 410 Manger – Manger kai. Denne vegen er sterkt trafikert, og er ein viktig veg i tettstaden Manger. Vegen må få standardheving i form av auka breidde og fortau.
 - FV 411 Byrkjeland – Haukåsen – FV 565. Heile vegen treng standardheving og dels ny trasè.
 - FV 412 Hella – Grindheim – Helland. Heile vegen treng standardheving.
 - Fv 413 – Valdernesnes. Heile vegen treng standardheving.
 - Radøy kommune presiserer at del av noverande FV 565 Soltveit – Marås må få heva standard før evt. omklassifisering til kommuneveg.

- Dekkelegging.
Radøy må prioriterast med dekkelegging på det øvrige fylkesvegnettet, og me nemner dei mest akutte for strekningsvis dekkelegging:
 - FV 409 Bøvågen – Rossnes. Vegen fekk sist asfalt medan det gjekk ferje frå Rossnes, og det er snart 40 år sidan. Vegen går i oppløysing mange stader.
 - FV 409 Manger – Haugland. Særs dårleg dekke mange stader.
 - FV 410 Manger – Manger kai. Særs dårleg dekke, er i oppløysing mange stader.
 - FV 412 Hella-Grindheim-Helland. Særs dårleg dekke, hastar.
 - FV 411 Byrkjeland – Haukåsen FV 565. Særs dårleg dekke og setningsskader.
 - FV 413 – Valdernesnes: Særs dårleg dekke.

- TS-tiltak.
Radøy kommune har gyldig TS-plan, som har egne avsnitt som gjeld fylkesvegane, og me forventar at desse vert følgt opp i investeringsprogrammet.

- Sambandet Vest
Sambandet Vest vil knyta saman kommunane i Nordhordland med Askøy og Sotra/Øygarden som har eit næringsliv av stor nasjonal betydning og med store utviklingsmogelegheiter. Sambandet Vest vil også etablere ein ringveg utanom hovudkorridoren E39 frå nord mot Bergen sentrum, og med dette skapa nye kommunikasjonsmønstre og mogelegheiter for ei styrka lokal/regional nærings- og befolkningsutvikling, samt styrka beredskap/reduert sårbarheit for trafikkavvikling på hovudvegnettet i Bergen. Radøy kommune ber om at prosjektet blir prioritert i forhold til oppstart av formell planprosess, og viser til at Lindås, Meland og Radøy kommunar har motteke midlar frå KMD til planmidlar for dette sambandet.

- Kollektivtilbod
Samferdsel er ei stor satsing i Fylkeskommunen. I tillegg kjem nullvekstmålet kor det vert satsa på at all trafikal auke skal skje via kollektivtransport, sykkel og gange. Under sykkel-VM i Bergen no nyleg, viser det at folk er villig til reisa kollektivt dersom tilbodet fungerer optimalt.
 - Radøy kommune ber fylkeskommunen vidareutvikla kollektivtilbodet i Radøy og mellom Radøy og Bergen. Me peikar særleg på trongen for betre kollektivsamband mellom Austebygd, Bø og til/frå Manger.
 - Me ønskjer særleg at det vert etablert kollektivterminal på Manger.
 - Vidare ber me Fylkeskommunen etablere innfartsparkering ved Sæbø skule, og auka bussfrekvensen t/r Bergen derfrå.
 - Radøy kommune ber fylkeskommunen auka båttilbodet mellom Knarvik/Frekhaug og Bergen. Me ynskjer fleira avgangar og også større båt i takt med trafikkveksten. Venterom på Knarvik kai må betrast.

067/2017: Meldingar og referatsaker

Behandling:

Folkekultursenter Tjorehagen melding a-f: Ordførar Jon Askeland orienterte om innspel og dialog knytt til eit mogleg folkekultursenter/museum i Tjorehagen. Ordføraren viste til at stiftinga Tjorehagen ikkje er informert om planane, og han meiner det ikkje er aktuelt å følgja opp denne saka før initiativtakarane har vore i dialog med stiftinga. Ordføraren peika også på at kommunen har

påteke seg ansvar som eigar av Bogatunet og Syltastova, og at kulturminneplanen som no er på høyring også vil krevja økonomiske kostnader for kommunen. Formannskapet gav ordføraren full tilslutning til desse vurderingane.

Innfartsparkering: Ordføraren orienterte om skriv frå Hordaland fylkeskommune.

Interkommunal plan for sjøareal: Ordføraren informerte om at dei tre Alver-kommunane har signalisert at dei ikkje har kapasitet til å delta aktivt i ein akvakultur-plan no.

Fellesnemnda for Alver kommune: Normann Sæbø (H) ser det som viktig at det blir klart definert kva fellesnemnda er og kva nemnda skal jobba med. Han uttrykte ein smule bekymring knytt til handsaming av ei sak som Sæbø meiner burde vore tatt til orientering og ikkje gjort vedtak i.

Moglegstudie Manger: Kommunalsjef for drift og forvaltning, Lisbeth Alvær, orienterte om moglegstudien for Manger som no er lagt fram. Studien som er utarbeidd av Og Arkitekter, kjem med innspel til korleis bygningsmassen med rådhuset og gamle Prestegarden, med uteområde, kan utviklast når Radøy kommune har blitt ein del av Alver kommune.

Alvær peika på at det er grunn til å tru at ein god del av dagens funksjonar på rådhuset blir flytta. Rapporten konkluderer med at det rådhuset har eit solid potensiale for alternativ bruk. T.d. er det peikt på at bibliotek og kulturskule kan leggast hit, gjerne i kombinasjon med øvingslokale. Frå før ligg kinosalen i rådhuset.

Kommunalsjefen understreka at det så langt utelukkande er ei skisse med forslag som er lagt fram, og ikkje noko eksakt romprogram.

Fleirtalet i formannskapet uttrykte begeistring over moglegstudien. Det er presentert ein god og spennande studie for mogleg framtidig bruk av huset. Ordførar Jon Askeland kalla studien for ei menneske- og aktivitetsorientert skisse.

Silje Namtvedt (SP) peika på at kostnadane med moglege tiltak ikkje er tatt omsyn til. Ho fryktar dette blir dyrt. Ho peika vidare på at det er i aksen mellom Coop-bygget og Radøyhallen at straumen av barn og ungdom ferdast, og Namtvedt meiner difor at biblioteket bør liggja her. Ho etterlyste også ein plan for parkeringsplassar, noko ho meiner er mangelfullt i sentrum. Namtvedt meiner kommunen ikkje må gje opp kampen for administrative arbeidsplassar på rådhuset.

Landbrukskontoret: Silje Namtvedt (SP) kom med ei bekymringsmelding knytt til bemanninga på felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy. Rådmann Jarle Landås svara at arbeidet med å rekruttera ny medarbeidar på landbruksavdelinga i er igang, men at det i ein periode framover vil vera lågare bemanning.

Matlevering: Anne Berit Bø Palmesen (SP) peika på at det er misnøye i barnehage og skule at det ikkje lenger er mogleg å kjøpa mat frå lokalbutikken. Dette inngår no som ein del av Bergensavtalen. Ho har fått tilbakemelding på at det også er ei tungvindt bestillingsordning. Rådmann Jarle Landås viste til at desse innkjøpa er ein del av Bergensavtalen, og at det viser seg vanskeleg å få gjort noko med dette.

Budsjett 2018: Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte om utsiktene for Radøy-budsjettet for 2018 på bakgrunn av det framlagde forslaget til statsbudsjett. Han peika mellom anna på dei negative konsekvensane det vil få for Radøy dersom forslag til endringar i eigedomsskattelova blir vedteke.

Økonomisjefen presenterte også ei skisse til aktuelle investeringar for økonomiperioden 2018-21, med estimerte kostnader. Dersom "ønskjelista" skal realiserast vil samla kostnadar passera 220 mill. i perioden, og økonomisjefen signaliserte at det neppe er realistisk å gjennomføra investeringane i det

tempo eller det omfang som førebels estimat viser.

Krev lovutval for eigedomsskatt: Ordførar Jon Askeland viste til at Kommunenes Sentralforbund meiner det må setjast ned eit lovutval som ser på heile breidda i eigedomsskatte-ordninga i kommunane, og at dramatiske endringar i eigedomsskattelova ikkje må gjerast som ein del av statsbudsjettet. Lindås-ordføraren har fått politisk fullmakt både frå Lindås og Meland for å fronta dette synet under høyringa i stortingskomiteen.

Formannskapet i Radøy gav full tilslutning til at også Radøy stiller seg bak desse vurderingane.

Formannskapet tok meldingar og referatsaker til orientering.

Vedtak:

Meldingar og referatsaker vert teke til orientering.
